

# ÅRSMELDING FOTBALLGRUPPA 2024

## **Styret 2024:**

Jarle Mjølhus (leiar), Ruth-Iren K.Sie (sekretær, Etnecup, Full Fart), Brit Dagrun Hetlelid (Facebook, materialforvaltar), Lene Skiftun ( Fiks, S2S, treningstider og banefordeling), Jon Helge Hausken (sportsplan, Fair-play, dommaransvarleg, Kattegat-cup) og Tor Magne Håland (A-lagskontakt) gjekk ut av styret.

Styret har hatt fem ordinære styremøte og to trenar- og oppmannsmøte

## **Oppsummering av sesongen:**

Me har stort sett hatt eitt eller to lag for både gutter og jenter i alle årsklassar frå 5 år opp til og med 13 år med unntak av 11-åringane som berre har gutelag. I ungdomsgruppa har med J14, J15, G17, J17 spela vårsesongen og A-lag herrar og damelag. Laga startar å spele serie frå 9 år. Aldersgruppa 6- 8 år spelar berre på lokale cupar.

Me deltok med lag på Hundvåg Kiwi Bama cup, MIL og STAAL cupar. Nokre av dei yngste laga var også på FIF-sin minicup.

5-7.klasselaga (5 lag) reiste til Etne-cup i juni. 3 lag, 2 jentelag og 1 gutelag reiste på Kattegat-cup i juli. J16 kom til A-sluttspelen og tapte finalen. J14 vann Fair Play-prisen og G15 kom til B-sluttspelen. Begge cupane var vellukka, og det vart to kjekke turar.

Dei fleste laga har klart seg greitt med både sigrar og tap. Me har lag både på nivå 2 og 3 i dei ulike klassane.

A-laget sin tropp er på ca 20 stk. og har godt oppmøte. Det er mange på trening, godt samhald og god giv i laget. Henrik Grønvik og Marius Lokthu var trenarar ved sesongslutt. På Hausken er kontaktperson. Dei hamna til slutt på 7.plass. God utvikling og mange spelarar. Dei har vore med i Rogalandscupen, og har hatt ein god sesong. Det er eit godt tilbod til dei unge i kommunen.

Henrik Grønvik har hatt stilling i 30 % som trenarrettleiar fram til august 2024, og spelande trenar på A-laget ut sesongen.

## **Aktivitetar:**

### Kick-off i januar

Hue og skjerf, stor deltaking med over 200 mann, vellukka

### Klubbdommarkurs

Jon Helge Hausken, Henrik Grønvik gjennomførte dommarkurs med hjelp frå kretsen. Staben er på 22 stk. Me er godt nøgde med innsatsen til desse.

### Full fart 2024

Me arrangerte «Full fart» frå 22-23.juni for barn i alderen 3-7.klasse. Omlag 45 barn deltok. Hovudleiar var Guro Marie Kleppa. Det vart to vellukka dagar med ulike aktivitetar for barna.

### Fotballskule

12,13,og 14.august arrangerte Hjelmeland IL fotballskule. Henrik Grønvik hadde opplegg med enkel lunsj på Hjelmeland Idrettsanlegg. 13 barn deltok. Fotballskulen var gratis.

### Dugnad på Bjørn Eidsvågkonsert

Ca 30 frivillige frå idrettslaget stilte på dugnad denne kvelden.

### Hjelmeland Sparebank – cup.

Hjelmeland Sparebank –cup blei avlyst grunna for få påmeldte lag

### Dugnad Ryfest

Fotballgruppa bidrog med ca.70 dugnadsfolk.